



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 Leikeanger

Vår ref: (oppge ved kontakt)
2013/5787 - 12240/2017

Dykker ref.: 14/1715-43-
ASE-FA-L12

Saksbeh.: Bård Eikeset,
tlf: 57 83 95 53

FØRDE,
29.03.2017

Detaljregulering av fv. 484, gang- og sykkelveg - klage på planvedtak, Førde kommune

1. Innleiing

Vi viser til bystyret sitt vedtak i sak 009/17, vedteke den 16.2.2017. Vedtaket følger som **vedlegg 1**. Helse Førde fekk melding om planvedtaket 2.3.2017. Planvedtaket går ut på å etablere ein gang- og sykkelveg gjennom sjukehusparken, i saksframlegget omtalt som alternativ 1. Eit inngrep i medhald av planen vil medføre ein reduksjon av parken med omlag 1400 kvm pluss ei fem meter byggeson i heile parkens lengde, rekna til vel 1100 kvm. Det er anslått at inntil 24 tre må fellast for gjennomføring av tiltaket.

Førde sentralsjukehus samt gjeldande parkområde er freda etter Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eiendommer (FOR-2011-11-09-1088, heretter omtala som forskrifta) § 2-1. Forslaget om freding vart sendt på høyring til Førde kommune i 17.3.2011, men kommunen hadde ikkje merknader til forslaget.

Vi vil allereie i innleiinga uttrykke vår undring over at Førde kommune ikkje ser verdien av å bevare det freda sjukehusområdet mest mogleg intakt. Vi viser til at det i planprosessen var foreslege alternativ som ville teke omsyn til både å bevare parken og få på plass ein tenleg gang og sykkelveg i området. Vi vil også vise til at Helse Førde har kome med ytterlegare forslag som ville medført eit langt mindre omfattande inngrep i parken, og som vi ville kunne gjeve vårt samtykke til. Dette ville også ha vore eit rimeligare tiltak, og der samfunnsnytten likevel ville ha vore meir enn tilfredsstillande.

Helse Førde HF vil med dette påklage ovanstående planvedtak. Vi har fått innvilga forlenga klagefrist til 31.3.2017, og klagen er såleis rettidig. Oppsummert vil vi anføre at planvedtaket lir av følgjande manglar, som kvar for seg er tilstrekkeleg til at planvedtaket er ugyldig:

- a) Formelle manglar om kompetanse (mynde)
- b) Mangelfulle planføresegner
- c) Manglande avklaring om forholdet til avfreding
- d) Manglande vurdering av kriteriet vesentleg etter forskrifta § 1-4
- e) Mangelfull saksutgreiing i og med at pasientar og pårørande sine interesser ikkje er vurdert
- f) Vesentleg avvik frå kommuneplan
- g) Svikt i plikta til å koordinere



Samla vil Helse Førde anføre at planvedtaket lir av vesentlege manglar knytt til det materielle og det prosessuelle på ein slik måte at vedtaket må sjåast som ugyldig, jf. forvaltningslova § 41.

2. Nærare om klagegrunnlaget

a) Formelle manglar på kompetanse (mynde).

1. Kommunen manglar mynde til å vedta reguleringsplanen.

Parkområdet er som nemnt freda etter forskriftene til kulturminnelova. Heimelen for fredinga av parkområdet er såleis kulturminnelova § 15 første ledd, jf. § 22a, der det går fram at «byggverk og anlegg» kan fredast. Det går også fram at det er departementet som kan gje løyve til slike freding. Kulturminnelova § 15a regulerer spørsmålet om dispensasjon, altså å kunne gjere inngrep i det som er freda. I paragrafen går det fram at det også er departementet som kan gjere slike vedtak.

Dette viser at både kompetansen til å gjere vedtak om freding og vedtak om inngrep i det som er freda etter kulturminnelova, ligg til det statlege forvaltningsnivået.

Dette inneber at det kommunale forvaltningsnivået aldri vil kunne ta del i denne kompetansen. Heller ikkje om ein kommunal arealplan omfattar eit byggverk eller areal som er freda etter kulturminnelova. Fredingsføresegnene kan ikkje endrast utan at det statlege forvaltningsnivået gjer vedtak om det. Utan eit slikt vedtak, vil desse føresegnene ligge der uendra som ein del av arealplanen.

Nedanfor er det gjort greie for at det i saka her ikkje er gjort vedtak av det statlege forvaltningsnivået om inngrep i sjukehusparken.

Det som er nemnt ovanfor følgjer også av det allmenne prinsippet om at både rettsreglar og forvalting har ulike nivå (trinnhøgde), og at det lågare nivået aldri kan overstyre det høgare nivået.

Dette prinsippet er så langt gjeld freding etter kulturminnelova konkretisert i forskriftene til kulturminnelova. I forskriftene i § 1-7 om Myndighet er det gjort klart at for byggverk og anlegg i statens eige, er forvaltninga av forskriftene lagt til Riksantikvaren. Dersom det freda er «gått ut av statlig eige», er forvaltninga lagt til det regionale forvaltningsnivået.

Det er altså slått fast at for freding av bygg og anlegg etter kulturminnelova, vil forvaltninga av fredinga aldri kunne overførast til det kommunale nivået. Dette gjeld også om eigedomsretten til det aktuelle statlege byggverket og arealet skulle bli overført til det kommunale nivået. Fredingsføresegnene vil vere uendra, og kvile som eit hefte på den kommunale eigedommen.

At det kommunale forvaltningsnivået aldri skal kunne forvalte fredinga ved overføring av eigedomsretten til desse forvaltningsnivåa, følgjer av kulturminnelova § 22a. Der går det fram at dersom det freda byggverket eller anlegget går ut av statens eige ved sal, skal fredinga tinglysast. Den vil altså framleis vere eit hefte på eigedommen.

I Førde kommunes vedlegg til planvedtaket dagsett 26.01.2017 går det under pkt. 14/1715 nr. 37 (**Vedlegg 2**) fram at Riksantikvaren ikkje kan gjere vedtak om inngrep i sjukehusparken utan at eigaren – Helse Førde – samtykkjer i det.



Slik samtykke er ikke gitt. Altså er det ikke gjort vedtak av kompetent mynde til å gjøre inngrep i fredinga av sjukehusparken.

Reguleringsvedtaket er derfor ugyldig på dette grunnlaget.

2. Reguleringsplanen er utan rettslege verknader.

At reguleringsplanen er utan rettslege verknader, vil også føre til at vedtaket er ugyldig.

Helse Førde grunngjør dette med at det gjennom heile planprosessen har vore klart at Helse Førde ikke ville samtykke i inngrep i sjukehusparken. Dette var sjølv sagt kommunen klar over. Dette går mellom anna klart fram av vedlegg til planvedtaket dagsett 26.01.2017 under pkt. 14/1715 nr. 37.

Kommunen har altså vore klar over at dei fremjar og vedtek ein reguleringsplan som det ikke knyter seg nokon rettslege verknader til så langt gjeld parken.

Formålet med ein reguleringsplan er nettopp at det skal knyte seg rettslege rettar og plikter til planen, slik at den kan vere eit styringsverktøy for kommunen. Det gjeld rett til å gjennomføre planen både for kommunen og private ved til dømes realisering av utbyggingsareal eller oreigning. Derfor er det at samfunnet legg ned store økonomiske ressursar i planarbeidet.

I tillegg er det heller ikke utsikt til at reguleringsplanen i framtida vil løyse ut rettar og plikter, ettersom Helse Førde som eigar av parken truleg aldri vil gje det nødvendige samtykke. Og det er heller ikke pårekneleg at andre enn Helse Førde vil bli eigar av parken, sjå nedanfor under pkt. 3. I realiteten er såleis reguleringsplanvedtaket så langt gjeld parken nærmest å rekne som ein «nullitet», og at følgjene av dette må vere at vedtaket er ugyldig.

3. Spørsmålet om oreigning.

Det går fram av vedlegget til planvedtaket dagsett 26.01.2017 under pkt. 14/1715 nr. 37, at kommunens opplegg så langt gjeld sjukehusparken har karakter av ein plan i 2 trinn. Trinn 1 er det reguleringsplanvedtaket som er gjort, og som «regulerer» inngrepet i parken. Trinn 2 er at når reguleringsplanen er vedteken, er vegen open for kommunen til å oreigne den regulerete del av parken i samsvar med reguleringsplanen.

Helse Førde ønsker ikke å prosedere ei eventuell oreigningssak på førehånd. Men kommunens framgangsmåte forklarer kvifor reguleringsplanvedtaket så langt gjeld parken, må være ugyldig. Helse Førde finn det derfor forsvarleg å illustrere dette i denne klagen.

Kommunen sin plan inneberer at oreigninga vil måtte skje medan Helse Førde ennå er eigar av sjukehusparken, altså medan det ennå ikke knyter seg nokon rettslege rettar og plikter til reguleringsplanen. Likevel skal kommunen kunne erverve egedomsretten til parken i medhald av reguleringsplanen.

Vil dette kunne gje smak av «god og sikker jus»?. At ei oreigning kan skje på dette grunnlaget ?. Etter Helse Førde sitt syn er svaret openbart nei. Det illustrerer at reguleringsplanvedtaket ikke er tilstrekkeleg grunnlag for oreigning. Det illustrerer også at det nødvendigvis heller ikke kan at knytast andre rettslege verknader til vedtaket så langt gjeld parken.

Det hefter fredingsføresegner som hefte på parken. Skulle det vere juridisk grunnlag for å oreigne parken i medhald av reguleringsplanen, vil den som oreignar også måtte hegne om parken. Spørsmålet er om



kommunen vil vinne fram med det synspunktet at kommunen vil ta betre vare på denne oppgåva enn Helse Førde.

Konklusjonen må etter dette vere at reguleringsplanvedtaket er ugyldig

b) Mangelfulle planføresegner

I medhald av pbl. § 12-7 nr. 4 er det i planvedtaket pkt. 8 gjeve planføresegner knytt til dispensasjonen. Føreseggnene følgjer som **vedlegg 3**. Føreseggnene er knytt til det freda kulturminnet Sjukehusparken. Forholdet til kulturminnet er ikkje regulert i andre føresegnar.

Føresegna inneholder eit krav om dispensasjon dersom tre eller annan vegetasjon vert fjerna. Vidare framgår at «*[på] grunn av fredinga skal tre som fjernast erstattast av like mange tre av same art.*»

Helse Førde kan ikkje sjå at desse føresegnene gjev styring for den naudsynte prosess som må finne stad.

Føreseggnene omfattar berre tre og vegetasjon, og presiserer ikkje at heile det freda området er omfatta av dispensasjonen. Dei delane av tiltaket som gjer inngrep i det freda området føreset dispensasjon frå Riksantikvaren.

Det uklare her viser seg i reguleringsplanen kap. 2.6 tredje avsnitt der inngrepet i kulturminnet vert drøfta:

«Alternativ 1 gjer ikkje inngrep i dei faste elementa i parken, men vil medføre eit inngrep trea i parkanlegget. Det er føresett at tre som går tapt skal erstattes med planting av nye tre.»

Helse Førde vil minne om at tiltaket omfattar eit område på vel 1400 kvm av det freda kulturminnet i tillegg til ei anleggssone på vel 1100 kvm.

Føreseggnene tek ikkje atterhald om alle tiltaka som det må søkast om, og må etter vår vurdering skuldast feil forståing av kva som er freda. Det er ikkje trea aleine som er freda, det er heile parkanlegget. Eitkvart tiltak i det freda området krev dispensasjon. Dette vil t.d. vere tiltak som fjerning av torv, grøftelegging, heving av terrenget, val av dekke, etablering av evt. faste installasjonar m.v.

Det er på det reine at Riksantikvaren ikkje har gjeve dispensasjon. På grunn av tredjemannsproblematikk kan ikkje Riksantikvaren gje dispensasjon så lenge eigars er imot tiltaket, sjå ovanfor om grunnlag a) kommunens manglande mynde og e-post frå Riksantikvaren, **vedlegg 4**. Ein dispensasjon frå Riksantikvaren krev difor samtykke frå eigars, i dette tilfelle Helse Førde HF.

Det følgjer vidare av føresegnene pkt. 8 at «*[G]ang- og sykkelvegen skal byggjast skånsamt inn i parken*». Det er etter Helse Førde sitt syn uklart korleis denne føresegna er å forstå. Føresegna er ikkje utan vidare knytt til parken som freda kulturminne, og det er uklårt kva samfunnssyn «skånsamt» rettar seg mot. Er det relatert til pasientvelferd/brukarar av parken eller til freding? Dersom det er retta mot parken som kulturminne har føresegna i beste fall karakter av eit ideelt ønskje meir enn ei reell, bindande planføresegns, då det er vanskeleg å sjå at eit slikt tiltak i ein freda park i det heile kan sjåast som «skånsamt». Eit anna uavklart forhold er om føresegna er slik å forstå at «skånsamt» er eit vilkår for å få dispensasjon etter forskriftera § 1-4.

Når det gjeld tal tre tiltaket vil påverke er det i saksførebuinga lagt til grunn at 14 tre må fellast, ytterlegare 10 er i faresona, jf. illustrasjon under kap. 4 i reguleringsføreseggnene. Helse Førde vil påpeike at det i



grunnlagsmaterialet ikkje i det heile er vurdert spørsmål knytt til trea sin funksjon som randskog og kva innverknad felling av desse vil ha å seie for dei gjenverande trea i parken.

Helse Førde HF vil etter dette hevde at planføresegne har materielle manglar og er så lite konkrete at tiltak i samsvar med planen ikkje let seg gjennomføre. Planen slik den framstår er slik sett utilstrekkeleg som styringsverkty.

c) **Manglande avklaring om forholdet til avfreding**

Sjølv om ein likevel skulle legge til grunn at det ikkje heftar manglar ved føresegne er det likevel eit spørsmål om dispensasjon etter forskrifa § 1-4 er rett grunnlag for gjennomføring av tiltak i den freda parken. Dette fordi området som vert omfatta av tiltaket, etter at tiltaket er gjennomført, ikkje vil vere ein del av den freda parken. Nyttar ein dispensasjon er systemet at ein godtek nye tiltak innanfor det freda området, men området vil framleis vere freda. Slik tanken må vere her, er det snakk om å ta området planlagt til gang- og sykkelveg ut av det freda området. Dette løyser ein ikkje med dispensasjon, men må gjerast som ei avfreding. Ei freding etter kulturminnelova § 22a kan berre opphevast gjennom ei ny forskrift der ein gjer avgrensing i det freda området.

Skulle ein mot formodning legge til grunn at gang- og sykkelvegen, etter at den er bygd, framleis skal vere underlagt fredinga, vil dette i stor grad påverke spørsmålet om endringar og vedlikehald. Dei prosessuelle reglane dette ville medført måtte i så fall gått fram av reguleringsføresegne, m.a. at nye tiltak krev dispensasjon frå Riksantikvaren. Vi nemner her tiltak som t.d. val av dekke, dekkelegging, snøyredding, evt. bruk av grus og salting på vintertid m.v.

Denne problemstillinga er i det heile ikkje omtalt i planprosessen, noko som etter vårt syn gjer forholdet til kulturminnet fullstendig uavklart.

Slik planvedtaket no framstår ser vi ikkje at det gjev naudsint rettleiing i høve til tiltak som skal gjennomförast i samsvar med planen.

d) **Manglande vurdering av vilkåret vesentleg**

Det følgjer av forskrifa § 1-4 at dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegne berre kan gjevast i «*særlege tilfelle*» og då for tiltak som «*ikke medfører vesentlige inngrep i kulturminnet*». Dersom eit tiltak er å rekne som eit vesentleg inngrep må ei normal forståing av ordlyden medføre at Riksantikvaren ikkje har heimel til å gje dispensasjon. Området må i så fall avfredast gjennom forskrift før tiltaket vert gjennomført, sjå ovanfor under grunnlag c) om avfreding.

Spørsmålet om vi i dette tilfelle står overfor eit vesentleg inngrep i forskrifa sin forstand er i det heile ikkje drøfta i saksframlegget.

I referat frå møte den 26.5.2015 (**vedlegg 5**) mellom Riksantikvaren, Helse Førde, Førde kommune og Statens vegvesen uttaler Riksantikvaren at dei ser dei «...tre første alternativa som vesentlige inngrep».

Planvedtaket gjekk som kjent ut på å godkjenne alternativ 1.

Helse Førde kan ikkje sjå at spørsmålet om vesentleg inngrep korkje har vore drøfta eller har fått si avklaring etter Riksantikvaren sin uttale den 26.5.2015. Ein avgjerande del av ei slik vurdering må bygge på kva tiltak som skal gjennomförast, jf ovanfor i avsnitt b) og c). Så lenge dette ikkje er gjort er det difor umogleg å konkludere med kva som er vesentleg inngrep. Rettssettinga knytt til kulturminnet verkar difor framleis uavklart.



Ei slik manglande vurdering vil etter vårt syn openbert vere ein sakshandsamingsfeil som kan ha verka inn på resultatet, jf. fvl. § 41.

e) **Mangefull saksutgreiing ettersom pasientar og pårørande sine interesser ikkje er vurdert**

Det følgjer av pbl § 12-12 første ledd og fvl § 25 at alle vesentlege samfunnsinteresser og konsekvensar av tiltaket skal vurderast før ein reguleringsplan vert vedteken. Det er kommunestyret som skal vurdere dei ulike interesser og behov opp mot kvarandre. Konsekvensane av tiltaket for dei ulike interessene skal avklarast. § 12-12 pålegg ei plikt til å vurdere alle forhold i saka, herunder forhold som aktuelle aktørar har hatt merknader til.

I vår uttale til planen den 7.9.2016 (**vedlegg 6**) tok vi opp problemstillingar knytt til m.a. helse- og pasient/pårørandeinteresser. I samsvar med den opprinnelege tankegangen bak parken trakk Helse Førde fram dei helserelaterte forhold som parken bidreg til:

«Vi ser at parken vert nytta mykje av pasientar som treng ein stad å finne ro ute i det fri. Parken er soleis ein viktig fristad for pasientar og deira pårørande i en ofte utsfordrande kvardag. Etter at parken vart freda så har ein ikkje tatt av areal inne i parken.»

Denne problemstillinga vart ikkje teke med i det vidare planarbeid, noko som medførte at Helse Førde på ny reiste spørsmålet i avklaringsmøte mellom oss, Førde kommune og Statens vegvesen den 1.12.2016.

I referatet frå møtet framgår (**vedlegg 7**) at Helse Førde var bekymra for at den funksjonelle samanhengen mellom sjukehuset og uteområda ikkje var vurdert, og at parken har ein «...helsemessig funksjon som er svært viktig for pasientane ved Førde Sentralsjukehus». Det vert og vist til at det manglar ei grunngjeving for at Helse Førde må avstå areal.

I planvedtak og saksutgreiing 31.1.2017, under kapittelet «Sjukehusparken», avsnitt 7, viser Førde kommune til at manglande grunngjeving for avstāing av areal blir sett på som eit nytt moment/argument i saka som er kome inn etter høyningsfristen. Kommunen vel å sjå på dette som innspel og avsluttar med å hevde at «[r]ådmannen meiner at dei overordna omsyna til samfunnet, både i høve til fysiske løysningar og kostnadar, er grunngiving nok.» Spørsmålet om parken sin helsemessige funksjon er i det heile ikkje nemnt. Forvaltningslova § 25 om grunngjeving er derfor ikkje oppfylt.

Helse Førde kan dessutan vanskeleg sjå at kommunen si forklaring kan aksepteras. Vi kan heller ikkje sjå at denne uttalen er i samsvar med pbl § 12-12, første ledd, 2. punktum. Alle innspel og konsekvensar skal vurderast, og omsyn til helse og pasientar er så sentralt at det ikkje kan sjåast på som irrelevant. Slik vi ser det har ein i arbeidet med reguleringsplanen ikkje vurdert konsekvensar av tiltaket opp mot omsynet til pasient og pårørande.

Vidare vil vi anføre at Førde kommune er vel kjent med dei utbyggingsplanar som føreligg for sjukehusområdet. I desse ligg at det både skal byggjast nytt samt gjerast store ombyggingar i eksisterande bygningsmasse. Totalt skal det byggjast for 1,6 mrd., noko som medfører at området vil ha preg av byggeplass i 8-10 år framover. I denne tida vil det vere avgrensa med areal rundt sjukehuset som pasientar og pårørande kan nytte. Sjukehusparken vil difor framstå som det einaste arealet der våre brukarar kan oppsøke dagslys og frisk luft medan dei er til behandling på våre avdelingar.

Dette vil særleg være viktig for våre inneliggande pasientar, mange med lange innleggingsopphald. Etter at vår utbygging er ferdigstilt vil det vere eit endå større tal pasientar som vil ha nytte av parken.



At parken er viktig sett i eit helseperspektiv vert også underbygd av det faktum at Helse Førde ikkje har foreslått nye byggetiltak i dette området, men i staden brukt kring 20 millionar kroner på kjøpe omkringliggende areal til dei utvidingane som har vore naudsynte.

Vår høyringsuttale er ikkje handsama eller imøtegått med planfaglege argument, og er difor i strid med § 12-12 som fastset at verknadane av tiltaket fullt ut skal skildrast i saksframlegget.

Etter vår vurdering er dette eit brot på kommunen si opplysning- og grunngjevingsplikt, jf. fvl. §§ 17 og 25.

f) Vesentlege avvik fra kommuneplan

I 2015 vart «Kommunedelplan trafikk Førde sentrum» vedtatt (**vedlegg 8**). Kvart prosjekt i denne planen har fått utarbeidd eigne forprosjekt. For den aktuelle traseen er dette «Forprosjekt 11 - fv. 484 Vievegen» (**vedlegg 9**), datert mars 2013.

I «Kommunedelplan trafikk Førde sentrum» kap. 7 framgår følgjande:

«Det er i arbeidet med forprosjekta gjort ein vurdering og opplasting i kvart forprosjekt av kva for arbeid som vidare planarbeid og prosjektering må ta tak i (vår understrekning).»

Basert på denne tematiske kommunedelplanen for trafikk, Førde sentrum, skal det for kvart av dei aktuelle tiltaka utarbeidast detaljreguleringsplan i samsvar med plan og bygningslova § 12.3. Krav til konsekvensutgreiing er utført med denne kommunedelplanen medan ROS-analyser blir å gjennomføre etter plan- og bygningslova ved detaljregulering.»

I det meir detaljerte «Forprosjekt 11 - fv. 484 Vievegen» s. 26 framgår at tiltaket med sykkelveg ikkje vil kome i strid med kulturminnet «Sjukehusparken», og at det «...bør vere mogleg å unngå å legge ny sykkel- og gangveg på forskriftsfreda område». Vidare framgår det at det «...gjev ubetydeleg konsekvens» for kulturminner og at det føreligg låg konfliktgrad.

Desse premissane i forprosjektet har blitt vidareført i den etterfølgjande kommunedelplanen der ein også legg til grunn at konsekvensane for kulturminnet er ubetydelege.

Det er først ved arbeidet med reguleringsplanen at gang- og sykkelvegen gjennom det freda området blir eit tema.

Det følgjer av pbl. § 12-3 tredje ledd at eit privat reguleringsforslag må følgje opp dei hovudtrekk og rammer som går fram av kommuneplanen sin arealdel, samt føreliggjande områdereguleringar. Ved vesentlege avvik, som i dette tilfelle, gjeld krava i §§ 4-1 og 4-2, andre ledd. Føresegna i tredje ledd er ikkje til hinder for at kommunen fremtar og vedtar private reguleringsforslag i strid med arealplanen eller gjeldande områdereguleringar, men dette krev at dei særlege sakshandsamingsreglane vert følt.

Det følgjer av det prinsipielle forholdet mellom oversiktsplanlegging og detaljregulering, at det som ovanfor er nemnt om private reguleringsforslag, også må gjelde for kommunenens reguleringsplanar.

Helse Førde kan ikkje sjå at det er utarbeidd eit planprogram i prosessen med nærværande reguleringsplan i tråd med § 4-1.

Dei omsyn og restriksjonar som er fastsett gjennom omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel skal leggjast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplanar. Dette følgjer av pbl. §§ 11-8 og 11-10.

Tilvisinga til § 4-2, andre ledd er knytt til kravet om konsekvensutgreiing.



Krav om konsekvensutgreiing gjeld i desse tilfella uavhengig av om dei alminnelege omfangskriteria i § 4-2 andre ledd med tilhøyrande forskrifter er oppfylt, dvs. uavhengig av om reguleringsplanen kan få «*vesentlige virkninger for miljø og samfunn*». Dersom kommunen fremjar eller vedtek eit privat forslag til detaljregulering som vesentleg avvik frå arealplan eller gjeldande områdereguleringar utan at det er gjennomført konsekvensutgreiing etter § 4-2 andre ledd, vil dette vere ein sakshandsamingsfeil.

Kravet om konsekvensutgreiing etter tredje ledd gjeld etter sin ordlyd berre for private planforslag. Lova må på dette punkt tolkast utvidande, slik at kravet også gjeld i dei tilfelle kommunen sjølv fremjar planforslag, jf. den tilsvarende føresegna i § 12-2 tredje ledd. Dette er også i samsvar med kommunedelplanen som nettopp viser til pbl. § 12-3, sitert ovanfor. I forskrift om konsekvensutgreiing er krav om konsekvensutgreiing for detaljregulering som avvik frå kommuneplanen eller gjeldande områderegulering teke inn i § 3 første ledd bokstav b).

Helse Førde vil vise til at det ikkje er føreteke ei konsekvensutgreiing av det planforslaget som vart vedteke 16.2.2017. Den konsekvensutgreiing som er gjort går tilbake til kommunedelplanen av 2015, som nettopp bygde på at det ville vere mogleg å legge gang- og sykkelvegen utanfor det forskriftsfreda området. Kravet om ei etterfølgjande konsekvensutgreiing av eit reguleringsforslag som er i strid med kommunedelplanen er så langt vi kan sjå ikkje følt opp.

Vidare vil vi vise til forprosjektet kap. 7:

«*I løpet av arbeidet med forprosjektet har vi sett ein del tilhøve, som bør vurderast i det vidare arbeidet med veglinja.*

- *Flaumfare.*
- *Tilkomst til Sentralsjukehuset.*
- *Sjå nærare på løysingar frå Sentralsjukehuset til fv. 481 Angedalsvegen, inkludert kryss.*
- *Vurderingar rundt tiltak langs fv. 484 ved Sentralsjukehuset opp mot at området er freda i Helse- og omsorgsdepartementet sin landsverneplan.»*

Kommunen nemner altså sjølv fire punkt som er viktig å få avklart i det vidare arbeidet. Eit av desse punkta er tilkomst til sjukehuset. Reguleringsområdet kryssar i dag begge våre innkøyrsler til sjukehusområdet, utan at spørsmålet om tilkomst er problematisert i det heile. Kommunen har med andre ord vedteke ein reguleringsplan der ein ikkje har gjort dei vurderingar dei sjølv har sagt skal gjerast i forprosjektet.

Helse Førde meiner etter dette at det ligg føre prosessuelle manglar ved reguleringsplanen som følge av at dei særlege sakshandsamingsreglane som følger av pbl. § 12-3 ikkje er etterlevd.

g) Svikt i plikta til å koordinere

At kommunen ved utarbeiding av reguleringsplanar har plikt til å koordinere dette arbeidet med andre planar/planarbeid, går fram av pbl. § 12-1 andre ledd.

Det følger av denne paragrafen at kommunen har plikt til å utarbeide reguleringsplan også «... der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, ...». Dette gjeld for å sikre både private og offentlege interesser.

Dette inneber derfor at kommunen ved utarbeiding av sine reguleringsplanar må ta omsyn til dei private reguleringsplanar som er påreknelege i området, og som ut frå planfaglege grunnar bør påverke kommunens reguleringsplanlegging.



Dette følgjer av at det er kommunen som har mynde og dermed ansvar for all regulering. Det gjeld også for private reguleringsforslag, jf. pbl. § 12-3 andre ledd.

Førde kommune er vel kjent med at Helse Førde er i gang med ein privat reguleringsplan for heile sjukehusområdet. Dette var føresett allereie i Førde kommune si sak 027/15 for planutvalet (**vedlegg 10**) som gjaldt dispensasjon frå reguleringsplan gbnr 43/85 i samband med oppføring av Bygg Aust. Under kapittelet «Vurdering av plankrav» framgår at

«Det er derfor viktig at heile området vert planlagd under eitt for å få gode og tilfredsstillande løysingar i høve funksjonane som vil kome i framtida. Ei detaljregulering vil sikre ei brei og medverkande prosess av offentlege instansar, naboar og interessentar der vurderingar og konsekvensar kan sjåast i heile skap».

Førde kommune veit også at ein del av eit slikt reguleringsarbeid vil vere å få på plass ein trafikkplan.

I vårt arbeid med privat reguleringsplan har vi fått tilbakemelding frå våre konsulentar om at auka aktivitet knytt til FSS vil kunne krevje avkøyrlingsfelt/-lomme frå Vievene, gjeldande for dei som kjem frå sør mot nord. Dette betyr at fv. 484 kan måtte utvidast med eit køyrefelt enten ved den søndre eller nordre innkøyringa til sjukehusområdet.

I dispensasjonssaka for planutvalet 25.6.15 framgår at

«Kapasitet til avkøyrlene frå fv. 484 skal vere tilstrekkeleg når bygget vert teke i bruk, og planleggast saman med gang- og sykkelveg».

Trafikkanalysen i 2015 viste at aktivitetsauken knytt til Bygg Aust ikkje ville medføre ytterlegare krav sett i høve til innkøyringane ved sjukehuset. Men i saksframlegget går det fram at kommunen er vel kjend med at det er planlagt ytterlegare bygg på sjukehustomta. At spørsmål om avkøyrsler på nytt kan kome opp må difor framstå som føreseieleg for kommunen. Slik Helse Førde ser det vil kravet om å sjå avkøyrsler i samanheng med gang og sykkelvegen vere minst like aktuell no som den var ved handsaminga av dispensasjonssøknaden.

Dersom eit krav om avkøyrlingsfeltet blir lagt til den nordre innkøyringa vil dette påverke direkte gang- og sykkelvegen slik den er tenkt lagt i den vedtekte reguleringsplanen. Ein konsekvens kan vere at gang- og sykkelvegen må flyttast lenger ned i parken, slik at ein endå større del av parken må takast til vegformål. Ein annan konsekvens er at kostnaden med ei ombygging av fv. 484 og ei evt. flytting av ein allereie etablert gang- og sykkelveg, truleg må dekkast av tiltakshavar, nemleg Helse Førde.

Dette kan vere eit hinder for nye utbyggingstiltak på sjukehusområdet. Endeleg kan vi ikkje sjå at auka aktiviteten ved FSS, og dermed auka trafikk inn og ut frå området, er teke omsyn til i denne planprosessen i det heile. Auka trafikk inn og ut frå sjukehusområdet må etter vårt syn vere eit vesentleg moment i vurderinga av kva side av fv. 484 gang- og sykkelvegen bør leggjast.

I saksframlegget er det lagt avgjerande vekt på kostnad og at ein ikkje ønskjer ei kryssing av fv. 484. Helse Førde meiner dette siste argumentet ikkje kan tilleggjast vesentleg vekt. Vår påstand er at dei aller fleste som vil nytte denne gang- og sykkelvegen uansett vil måtte krysse fv. 484. Dette fordi Førde sitt største byggjefelt ligg på austsida av fylkesvegen. Det same gjeld barnehagar og området sin einaste daglegvarehandel.

Dei ovannemnde forholda er heilt klart forhold som skulle vore adressert i planarbeidet. Men ikkje på noko tid i planprosessen har Førde kommune teke kontakt med oss for å få avklart korleis arbeidet med



vår reguleringsplan ligg an. At det føreligg konkret reguleringsarbeid tilseier også at kommunen burde vurdert om ein i staden for ein reguleringsplan heller skulle valt å gå vegen om ei områderegulering etter pbl. § 12-2.

Helse Førde er av den klåre meinинг at Førde kommune ikkje har oppfylt si koordineringsplikt i denne saka.

3. Konklusjon

Med tilvising til ovanståande er konklusjonen at planprosessen er i strid med sentrale føresegner om kulturminnevern i kulturminnelova med forskrifter og sakshandsaminga i plan- og bygningslova og forvaltningslova. Reguleringsplanvedtaket er ugyldig både på grunn av manglende kommunal mynde og at sakshandsaminga lir av feil og manglar som har hatt innverknad på resultatet, jf. fvl. § 41.

Av denne grunn må vedtaket opphevest og reguleringsplanen sendast attende til Førde kommune for ny handsaming.

Med helsing

Jon Bolstad
Adm. direktør

Bård Eikeset
føretaksjurist

Vedlegg: 10